



Møteprotokoll

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Klingenberg Hotel, Årdalstangen

Møtedato: 12.09.2014

Tid: kl 09:00-14:10

A. Disse møtte

Faste medlemmar
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar)
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune
Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
Medlemmar
Steinar Sjøgaard, rådmann Aurland kommune
Karina Nerland, dagleg leiar
Andre
Per Jørgen Loen, opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Anne Kauppi, Sogn opplæringskontor
Harry Mowatt, styreleiar, Anne-Marie Førde, direktør, Inge Bent Arnestad, adm. sjef, Musea i Sogn og Fjordane
Ingebjørg Erikstad, fylkesdirektør, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jan Ryste, dagleg leiar, KS Sogn og Fjordane

B. Ordførar Arild Ingar Lægreid ønskte velkomen til Årdal

C. Innkalling godkjent utan merknader

D. Protokoll frå møtet 24.6.2014 godkjent utan merknader

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
19/14	14/2874	Partnerskapsavtale om psykisk helse - System for styrka læring
20/14	14/2856	Budsjettramme for 2015 Sogn regionråd
21/14	14/2140	Redusert postombering i distrikta - oppfordring om økonomisk stønad
22/14	14/2758	Investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule - medfinansiering
23/14	14/746	Orienteringssaker

Sak 19/14
Partnerskapsavtale om psykisk helse - System for styrka læring

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek framlegg til partnerskapsavtale om psykisk helse slik den ligg føre.

Handsaming

Det er kome innspel om mindre endringar av partnerskapsavtalen. Leiar vurderer og gjer aktuelle justeringar før avtalen vert signert.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek framlegg til partnerskapsavtale om psykisk helse slik den ligg føre.

Sak 20/14
Budsjettramme for 2015 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2015 slik den ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2015 slik den ligg føre.

Sak 21/14
Redusert postombering i distrikta - oppfordring om økonomisk stønad

Tilråding:

Sogn regionråd garanterer for inntil kr 40 000 av sakskostnadane i høve mogleg tap i ankesaka som åtte husstader fører mot Posten.

Vedtak:

Sogn regionråd garanterer for inntil kr 40 000 av sakskostnadane i høve mogleg tap i ankesaka som åtte husstader fører mot Posten.

Sak 22/14
Investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule - medfinansiering

Tilråding:

Sogn regionråd kan medverka i arbeidet overfor sentrale styresmakter for å sikra framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn regionråd kan ikkje medverka til å drifta og finansiera investeringar for å fornya bygningsmassen ved skulen.

Handsaming

Noralv Distad kom med framlegg om å ta ut ”overfor sentrale styresmakter” i første punkt.

Vedtak:

Sogn regionråd kan medverka i arbeidet for å sikra framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn regionråd kan ikkje medverka til å drifta og finansiera investeringar for å fornya bygningsmassen ved skulen.

Sak 23/14
Orienteringssaker 12.09.2014

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar:

- Sognabåten: Det er teke initiativ i lag med Visit Sognefjord og store reiselivsaktørar på Vestlandet for å sjå på aktuelle løysingar for å auka passasjergrunnlaget om vinteren og få til utvida skuldersesong. Direktøren i Visit Sognefjord og ordføraren i Balestrand er invitert til møtet i Hovudutval for samferdsle den 23. september for å orientera om arbeidet i brukargruppa for Sognabåten
- Lufthamnstruktur: Orientering frå Avinor sitt informasjonsmøte om arbeidet med framtidig lufthamnstruktur i NTP'en for 2017-2028
- Nytt inntektssystem for fylkeskommunen: Sogn regionråd vil støtta fylkeskommunen sitt arbeid i høve å få på plass utvida kompensasjonsordning. Dei andre regionråda i fylket blir kontakta for å avklara om dei ønskjer å vera med. Sogn regionråd legg opp til ei konstruktiv tilnærming og vil koma med innspel til kuttforslaga.
- Kommunereform: Felles utgreiing i regi av regionrådet er eit aktuelt alternativ som kvar kommune handsamar politisk innan 30. oktober. Regionrådet skal ikkje koma med alternative løysingar. Rådet ber om at administrasjonen saman med rådmannsgruppa

innan 3. oktober kjem med framlegg til kva som bør greiast ut for å gje kommunane nødvendig grunnlagsmateriale for vidare arbeid i høve kommunereforma.

2. Innspel frå medlemmane:

Følgjande fråsegner er aktuelle å senda frå rådet:

Ny akuttmedisinforakrift

Rovvilt

Fråsegnene vil bli sendt frå Sogn regionråd etter at medlemmane har gitt si tilslutting.

3. Samferdslegruppa: Ordførarane bør delta på neste aust-vest konferanse.

4. Helsegruppa: Samhandlingsreforma var tema på felles formannskapsdag.

5. RUP-/næringsutviklingsgruppa:

- Lærlingeplassar: Arbeidsgruppa meiner lærlingeordninga bør få auka fokus og vil at det blir arbeidd for å styrka tilbodet i private verksemdar og kommunane.
- Bustadmarknaden i Sogn: Rapporten går ein runde til til kommunane for ev. justeringar. Begge tema vil bli følgt opp av arbeidsgruppa i løpet av hausten og konkretisert i tiltaksplanen for 2015.

6. Administrasjonen:

- Prosjektet om PPT-organisering: Fylkesmannen har løyvd skjønsmidlar kr 200 000.
- Besøk: Vi får besøk frå Forum for oppvekst i Sunnhordland den 7.11.2014
- Profileringsprosjekt: Framtidsfylket, sekretariata i regionråda i fylket og fylkeskommunen møttest 3.9. for å drøfta korleis profilera fylket betre, m.a. orientering om prosjektet «Bu i Sunnfjord» - ei kartløyising som viser stillingar, bustader, barnehagar, skular mv.

7. Lærlingeplassar – status. Korleis styrka tilbodet om lærlingeplassar?

Orientering ved Per Jørgen Loen, opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Anne Kauppi, Sogn opplæringskontor.

8. Nye driftsavtaler med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane frå 2015. Orientering ved styreleiar Harry Mowatt, direktør Anne-Marie Førde, adm.sjef Inge Bent Arnestad ved Musea i Sogn og Fjordane og fylkesdirektør for kultur Ingebjørg Erikstad. Dokument med alternative modellar for kommunal finansiering vart omdelt i møtet. Regionrådet ber rådmannsgruppa laga felles saksframlegg til kommunane si handsaming av driftsavtalen.

9. «Strategi for arbeidet med EØS-saker i Sogn og Fjordane. Orientering ved Jan Ryste, KS. Det er aktuelt å invitera Vest-Norsk Brusselkontor til eit seinare møte.

Skriv og meldingar

1. Evalueringsrapport - Entreprenørskapsmessa i Lærdal 7. mai 2014. Referert.
2. Fagnettverk i entreprenørskap 23.9.2014 – program. Referert.
3. Partssamarbeid for helsefremjande barnehagar 14.10.2014 – program. Referert.
4. Fisketom Sognefjord – Oppfølging etter seminar, frå Per-Arvid Hauge, 12.8.2014. Referert.
5. Lærlingeplassar - styrka tilbod, møtereferat av 26.8.2014. Referert.

6. Anbud på regionale ruteflygingar frå 1.4.2016 – høyring, brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 22. august med brev frå Samferdselsdepartementet av 26.6.2014 og forslag til anbudsopplegg (rapport frå TØI og Møreforskning). Referert. Administrasjonen lagar framlegg til fråsegn som vil bli sendt til medlemane for tilslutting.
7. Felles fagnettverksamling for alle ungdomsskulane i Sogn 13.8.2014. Omdelt i møtet. Referert.
8. Referat frå arbeidsøkt med PP-tenesta 29.8.2014. Omdelt i møtet. Referert.

Harald N. Offerdal
leiar

Marta Finden Halset

Arild Ingar Læg Reid

Karina Nerland
dagleg leiar